



Jone er godt kjent som storfiskar. No lærer han landbruk i Frankrike.

Jone Rørheim Kjærland (18 år) og tre medelevar kan sjå fram til 4 spennande og utviklande skuleveker. Dei 4 som er elevar på andre året på Jordbruksskulen på Voss, er så heldige at dei skal ha praksisperioden i Normandie. Etter å ha søkt på Leonardo da Vinci-stipend, var det dei 4 som var heldige og vart tildelt dette praksisopplegget.

Lørdag morgon starta reisa, og etter mellomlanding i Amsterdam og overnatting i Paris kom dei fram til Coustanse utpå dagen i går. På busstasjonen der vart dei 4 forventningsfulle skuleungdommane henta av rektor på Jordbruksskulen der. Frå busstasjonen bar det rett til skulen der det var open dag. Der var det m.a. utstilling av traktorar og andre maskinar, og av planter og dyr. Ein flott start på opphaldet og ein god forsmak på det franske landbruket.



[Frå open dag på skulen søndag.](#)

Dei komande 4 vekene vert dei plassert rundt hos familiar som har gard, og gjennom arbeidet på gardane får dei godt kjennskap til landbruket i dette området. I tillegg kjem nok vekene og til å verta fylt med andre spennande opplevsar. Korleis opphaldet deira vert, kan vi følgja med på ved lesa kva som kjem på bloggen deira. Det er berre å klikka på [Fjosnissane](#).

At Jone og kompisane er forventningsfulle til opphaldet, skjønar vi godt. Jone er nok og godt førbudd på kva som ventar. Søstera Eirin var nemleg på tilsvarande opplegg i same området i fjor. Ho hadde ein kjempeopplevelse og har nok formidla dette til broren. Det vert spennande å følgje med på opplevsane deira dei komande 4 vekene ved å lese bloggen deira.



Frå open dag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Bilde frå bloggen og Ola Matti Mathisen.